



Betelskipet ved Sandakaien

Den indre sjømannsmisjons flytande misjonshus Betelskipet Elieser 6 var i Uskedalen ved desse tider i fjor og kjem att i år.

Det kvite skipet som er på farten kysten rundt med evangeliet kjem frå Fitjar og Varaldsøy denne gongen, legg til ved Sandakaien fredag og startar møtet klokka 19.

Som vanleg vert det mykje song og musikk, servering og utlodning. No har båten sigla langs heile kysten vår i 18 år og fører vidare ein tradisjon som starta allereie i 1903.

Denne båten har ei eineståande historie, han har vore både restaurantbåt i Sverige og cruisebåt i Afrika og ein av forgjengarane var både sjukehus og postkontor,

Den faste bemanningen på 4 skiftar kvar månad. Det er høve til å bli med ein tur for opptil 12 passasjerar. Om sommaren er skipet utleigd til lag og organisasjonar.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen